


# Kulturmidlar

## Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar



Vedtatt i utval for levekår 16.02.2023



Lag og organisasjonar som har aktivitetstilbod kan søkje kommunen om kulturmidlar. Det vert tildelt midlar til drift, arrangement, aktivitetar og prosjekt.

## 1. GENERELLE REGLAR

1.1. Kulturmidlane kan tildelast alle frivillige lag og organisasjonar som driv kulturarbeid i Lærdal kommune.

1.2. Kulturarbeid som vert drive regionalt kan få stønad dersom det har positiv verknad for innbyggjarane i Lærdal, og ikkje kjem inn under andre støtteordningar.

1.3. Organisasjonar som arbeider for medlemmane sine yrkesinteresser eller økonomiske interesser, samt partipolitiske organisasjonar, har ikkje rett til stønad.

1.4. Enkelttiltak som konsertar, utstillingar, kulturkveldar eller andre kulturaktivitetar i kommunen, kan få tildelt midlar.

1.5. Alle lag og organisasjonar som søker stønad pliktar å legge fram vedtekter, budsjett og rekneskap på førespurnad. Leiar må underteikne søknaden. Ufullstendige søknader vert avslegne.

1.6. Einskildpersonar som driv ein kulturaktivitet som kjem innbyggjarane i kommunen til gode, kan også motta stønad.

1.7. Aktivitetar for barn og unge vert prioriterte.

1.8. Fylgjande lag har ein fast del av ramma: Lærdal idrettslag, Lærdal musikklag og Lærdal songkor. Summen vert innvilga etter søknad

Det vil bli stilt strengare krav for tildeling til einskildpersonar og/eller der føremålet å karakteriserast som næring og/eller har eit kommersielt siktemål.

## 2. ARRANGEMENTS- OG PROSJEKTSTØNAD

Frivillige lag og organisasjonar kan også søkje om stønad til arrangement og andre kulturtiltak, deltaking på kurs, eller spesielle prosjekt.

2.1. Budsjett må vere lagt ved søknaden

2.2. Stønaden kan ikkje overskride 50% av kostnadene

2.3. Ved deltaking på kurs/konferansar kan 50% av kostnadene inntil kr. 6.000,- verte dekt.

## 3. NYSKIPING AV LAG

Lag som vert skipa kan søkje om stønad på opp til kr 5.000,-.

## 4. AVGJERDSMYNDE

Samla tildeling av kulturmidlar skal handsamast i utval for levekår i fyrste møte etter søknadsfristen er gått ut. Utvalet står fritt til å tildela midlar etter eigen vurdering til søknadar som ikkje fell inn under punkt 1-3.

Søknadsfrist for kulturmidlar er 15. april kvart år.